

Aktivitetsplan for Lindås pensjonistlag 2019

Medlemsmøter

Torsdagane kl. 16:00,

- 28. mars, 25. april, 30. mai, 27. juni (sommaravslutning), 29. august, 26. september, 31. oktober, 28. november, og 12. desember 2019 (julemiddag), samt 30. januar, og 27. februar 2020 (årsmøte).

Alle møter lagt til hotellet. Åresal/bingo. Underhaldning med song/musikk og opplesing ved våre eigne medlemmer, og nyte lokale talent/artistar, samt iblant litt meir eksterne kunstnarar. Kommunen gjennom *Den kulturelle spaserstokken* gir laget vårt ein del økonomisk støtte til det siste.

Julemiddag

Torsdag 12. desember kl. 16:00 vert det julemiddag på Westland Hotel med vanleg tradisjonell meny.

Eldredagen

Tirsdag 1. oktober er det Eldredagen som vi markerer med festmiddag saman med dei andre pensjonistlaga i kommunen og Frivilligsentralen.

Flytting fram til helga vert vurdert, og styret vil sjå nærmare på om medlemsmøtet vårt siste torsdag i september vert halde felles med dette.

Seniordans

Seniordansen i Lindåshallen på dei torsdagane det ikkje er medlemsmøte, og med Irene Hodneland (tlf. 91120586) som kontaktperson. I 1. halvår 2019, 10., 17. og 24. januar, 7., 14. og 21. februar, 7. 14. og 21. mars, 4. og 11. april, 2., 9., 16. og 23. mai, samt 6. juni 2019.

Bowling

Bowling i Lervåg på mandagar med Jon Døsvik (tlf. 90790849) som kontaktperson.

Den Internasjonale Aktivitetsdagen

Laurdag 11. mai markerer vi Den Internasjonale Aktivitetsdagen i Lindås senter med underhaldning og loddssal, samt trimtur på sjølve dagen, fredag 10. mai.

Teater-/revyturar til Bergen

Det vert teaterturar med buss til Den Nasjonale Scene eller andre scene i Bergen om våren/hausten.

Andre turar/reiser

Medio juni vert det dagstur med buss, og medio august vert det 3 eller 4-dagars tur med buss og overnatting. Turnemnda kjem med nærmere opplegg.

Andre tilskipingar

Styret og turnemnda kjem med forslag til andre tilskipingar dette året, mellom anna eventuell tur til naboane våre i Radøy og Meland. Medlemane kan gjerne kome med innspel.

Salmekveld

På linje med dei siste tre åra skipar vi saman med Kyrkja og Soknerådet til salmekveld i Lindås kyrkje i oktober med song av gamle salmar.

Førstehjelpstrening

Vi har hatt kurs i bruk av hjartestartar og i førstehjelp siste året, og har hatt eigentrening for kursdeltakarane. Dette fortset i 2019 med trening i Kyrkjelydssenteret 3 til 4 gangar årleg.

Tur og trim

I samarbeid med andre lokale lag ønskjer vi starte opp tur-/trimtilbod for seniorar.

Årsmøte i Forbundet

Laget deltek med 3 delegater på Årsmøtet 2019 i fylkeslaget vårt, 18. mars i Bergen.

Lindås bu- og servise senter

Vi skipar årleg til eit ettermiddagstreff på Lindås bu- og service senter for bebruarar og pårørande. Ut over dette vil pensjonistlaget arbeide for eit betre aktivitetstilbod rundt og ved senteret.

Aktivitetstilbod for medlemmer

Vi har sist haust starta opp eit onsdagstreff med brettspel og liknande i Kyrkjelydssenteret. Dette opplegget ønskjer vi betra som eit tilbod der medlemmer og andre kan møtast for å ha aktivitetar saman.

Nye medlemmer

Laget vårt har fått tilført 330 direktemedlemmer frå Pensjonistforbundet, og auke i medlemstalet lokalt er større enn nokon gang. Vi vil arbeide for å få til eit strukturert tilbod til dei nye medlemmene.

Leva heile livet

Vi vil òg følgja opp arbeidet med prosjekt "Leva heile livet", ved å søkja samarbeid med kommunen om innhaldet i praktiske opplegg.